

## **Sak 6      Framlegg til forretningsorden**

### **1. Samansetjing, tale framlegg- og røysterett**

- Alle som er på møtet får talerett.
- Utsendingar frå 4H-klubbane, alumnklubben, 4H-gard, fylkesstyret, arrangementsmedlemmer og kløvermedlemmer har framlegg- og røysterett.
- Fylkesstyret har ikkje røysterett under handsaming av årsmelding og rekneskap.

### **2. Taletid replikkar**

- Avgrensing av taletida kan innførast av årsmøtet etter framlegg frå ordførar eller årsmøterepresentantar.
- Ordførar har rett til å føreslå avgrensingar i taletid og høve til replikk, og setje strek.
- Den som ønskjer ordet, melder seg ved å vise røystesetelen.
- Den som har bedd om ordet brukar talarstolen

### **3. Om handsaming av saker**

- Framlegg må leverast skriftleg til ordførar, underteikna med forslagsstillar sitt namn og lokallag. Det er ikkje høve å ta opp noko nytt framlegg etter at det er sett strek.
- I protokollen vert ført framlegg, talar, avstemmingar og vedtak.
- Dersom det er mange framlegg i ei sak kan årsmøtet setje ned ei redaksjonsnemnd.

### **4. Reglar for avrøysting**

- Dersom ikkje anna er sagt i vedtektena vert sakene avgjort med absolutt fleirtal (meir enn halvparten av røystene).
- Ordførar eller utsendingar kan krevje skriftleg røysting.
- Det skal vere skriftleg val på styreleiar og styremedlemer. Ved andre personval skal det vere skriftleg dersom det er framlegg om meir enn ein kandidat.
- Alle med røysterett som forlet møtesalen under møtet, skal leve røysteteiknet til ordførar slik at han alltid har full oversikt over kor mange med røysterett som er til stades.

### **5. Unntak frå forretningsorden**

- Ordførar kan gjere framlegg om at det vert gjort unntak frå forretningsorden. Årsmøtet må gje si tilslutning ved absolutt fleirtal.